**Kvinnherad kommune**
Plan, arealbruk og beredskap
Plan

**Rosendalsvegen 10**
5470 ROSENDAL

Tel: 53483100
Fax: 53483130
Org.nr: 964 967 636
Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no
www. kvinnherad.kommune.no

NVE 200403874-25
S.beh.: /KTV /SMY
20 FEB 2006
Arkivkode: 911-511.1
Sek.kode: 046.5Z
TE dato/sign.:

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

| Saksbehandlar | Tlf.direkte innval | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato |
|---|---|---|---|---|
| Arne Handegard | | 2005/1499 | 23.01.2006 | 15.02.2006 |

# Årvik kraftverk - uttale til planendringssøknad.

Det vert vist til dykkar brev datert 23.01.06 med planendringssøknad for Årvik kraftverk. Som det går fram av søknaden vert det vurdert to nye alternativ, alt A med inntak flytta til rett oppstraums fossen Kvitingen og eit alt B der inntaket er rett nedstraums fossen. I den opprinnelege søknaden var inntaket i Skitnatjørn. Årsproduksjon for alt A er rekna til 25,3 GWh, etter alt B 19,0 GWh, medan det opprinnelege alternativet var rekna til 30,4 GWh.

Formannskapet tilrådde den opprinnelege søknaden i møte 13.01.05, men ba om at det vart sett krav om minstevassføring for å redusera verknaden av naturinngrepa mest mogleg. Det var m.a. omsynet til fossen Kvitingen som var bakgrunnen for dette kravet.

Begge dei to nye alternativa tek omsyn til kravet frå kommunen. I alt A er det rekna med minstevassføring lik det boble av alminneleg lågvassføring i sommarsesongen. I alt B vert ikkje fossen berørt i det heile. Med dette som utgangspunkt har ikkje kommunen merknader til nokon av dei to nye alternativa.

Med helsing

Arne Handegard
saksbehandlar